

ÅRSPLAN DIREKTIVET TIL DS

1. Målsettingene for planen
2. Dei indre oppgåvene
3. Partiutbygginga
4. Dei eksterne oppgåvene
5. Faseplanen
6. Særdirektiv om arbeidet i haust

Dette er eit direktiv til DSa om arbeidet fram til årsskiftet 76/77. Direktivet er detaljert for arbeidet hausten 75, detaljdirektiv for dei andre fasene kjem seinare, men slike detaljdirektiv vil halde seg innafor desse rammene.

Årsplanen er eit heile, og både DS si eiga drøfting og DS sitt utkjør av planen skal sjå han som eit heile. Det er å undergrave planen å atomisere han til einskilte "faser".

1. MÅLSETTINGENE

I heile planperioden skal det interne arbeidet prioriterast over det eksterne arbeidet. Bolsjevisering av partiet på alla områder er nøkkelen til å halde partiet kommunistisk, og dermet og til å sikre ei kommunistisk linje på dei eksterne kampfelta.

A. Hovedmålsetting

- a) Konsolidering av partiet politisk, ideologisk og organisatorisk i samband med forebuingane til partiet sitt andre Landsmøte. Oppgjer med revisjonistiske feil i politikk, taktikk, ideologi og organisasjon. Heve det ideologiske nivået i heile partiet.
- b) Styrke arbeidarklassen si leiande rolle i partiet. Betre klasse-samansettinga, proletarisere partiorgana på alle nivå, rette partiet inn på arbeiderklassens kamp.
- c) Bygge ut partiet i storindustrien. Auke antalet industrilag og styrke arbeidet deira. Styrke Distriktsorganisasjonane og opprette ein del nye.

B. Underordna målsetting

- a) Politikk og kamp for arbeidaklassens interesser. Partiet må gjennom kampanjer ta del i og føre an i dei viktigaste kampane som arbeidaklassen fører, mot krise og arbeidsløyse, for eit skikkelig lønsoppgjer.
- b) Gjennombrøt i kampen mot dei to supermaktene. Propagandere partiet si analyse, starte frontorganisering.
- c) Drive opp ungdomsarbeidet. Alle partilag skal ha ungdomsarbeid. Viktigast å auke medlemstalet kraftig i Raud Ungdom.

- d) Utvikle partiet sitt arbeid i breidda. Gjenombrot i organisering av bønder/fiskarar i partiet. Sikre eit godt LM i Kvinnefronten.

2. DEI INDRE OPPGÅVENE

A. Landsmøtet

Forebuingane til Landsmøtet skal strekke seg gjennom det meste av planperioden, dei skal vera hovedoppgåve for heile partiet berre i ein periode. Men gjennom heile planen skal forebuingane til Landsmøtet gå uhindra, sviktar dette når vi ikkje hovedmålsettinga for årsplanen. Landsmøte-rørsle skal drivast som ein omfattande politisk kamp, retta mot revisjonisme og høgreavvik. For å halde oppe LM-rørsle når andre saker står øvst på dagsorden for laga, treng vi sterk sentralisme på alle nivå. DS skal lage ein plan for gjennomføringa av heile Landsmøte-rørsle i sitt Distrikt.

Diskusjonane vil gå kring fem emner: handlingsprogram, prinsipp-program, vedtekter, beretning og nominasjonar. Dokumentane vil komme ut slik:

- a) vedtektene - okt. 75
- b) Hefte om høgreavviket - tidleg på hausten 75
- c) kritikk av fagleg-programmet
- d) Første skisse til beretning - oktober 75
- e) Opplegg for programrevisjonar - oktober 75
- f) Handlingsprogram - før jul 75
- g) Nominasjonsopplegg - før jul 75
- h) Andre beretningsutkast - februar 76
- i) Programframlegg - framlegg - februar 76
- j) dagsorden for LM - mars 76

B. Studier knytt til Landsmøterørsle

I samband med landsmøterørsle er det ei målsetting å heve det ideologiske nivået i heile partiet, spesielt skal vi legge vekt på skolering i kamp mot den moderne revisjonismen. Alle medlemmene skal studere Lenin: "Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky", vår eiga bok "Sosialimperialismen" og evt. andre tillegg som SK vedtok seinare

Hovedmetoden skal vera sjølvskolering, knytt saman med propaganda. Klassekampen, Raude Fane og Tjen Folket.

C. Oppstramming av studierutinene

Grunnskolering for partimedlemmane er grunnkurs 1 og 2. Nye medlemmar skal gå gjennom grunnkurs 1 i samband med opptak, og grunnkurs 2 innafor ei nærare fastsett frist. I planperioden skal alle partimedlemmar gjennom grunnkurs 2.

Marx-Engels-skolem skal konsentrere seg om videregående skolering av eit avgrensa antal kadre, skolering- skal rettast inn på grunnelement

i teorien. DS vil få nærare direktiv om Marx-Engels-skolen etter årsskiftet.

D. Utplassering

Skal drivast meir intensivt og under sentralisert leiing. Hovedforma for partiet er ei "skift-jobb"-kampanje. Kampanja skal drivast "usynleg", det skal ikkje trykkast materiell om kampanja, korkje i TF eller lokale medlemsblad.

E. Rekruttering

Den grunnleggjande målsettinga er å rekruttere arbeidarar. Den andre målsettinga er å auke medlemstalet. Vi tek sikte på ei nærare definert forbetring av klassesamansetninga, målsettinger skal brytast ned lokalt. Skal vera hovedoppgåve fr-m til jul 75, og skal strekke seg vidare ut 1. kvartal 76.

Kampanja skal drøftast på alle nivå i partiet. Det vil bli laga ei verve-brosjyre retta til dei vi vil rekruttere og Klassekampen vil drive eksternpropaganda. Hovedmetoden vil vera organiserte diskusjonar med sympatisørane og ei grunnsirkelrørsle.

F. Proletarisering av partiorgana

DS skal drøfte utplassering av sine medlemmar. DS skal legge plan for proletarisering i samband med nyval.

G. Innretting på arbeidarklassens kamp

Partiet er lite innretta på arbeidarklassens kamp, dette gjeld både streikekamp og lokale kamper som ikkje fører til aksjon. Ståande direktiv i TF for september.

Grunnorganisasjonane sitt arbeid skal organiserast inn mot industrien, alle grunnorganisasjoner skal drive bedriftssal av Klassekampen (innafrå eller utafor porten).

H. Klassekampen

Utviklinga av Klassekampen er ei permanent partibyggingsoppgåve, avisa som kollektiv organisator og propagandist. Målsettinga er å få KK ut to gonger i veka frå 1/1 76. Dette krev 1000 nye abonnentar før valet og enda 2500 nye abonnentar før 18/2 76 (3-årsdagen for parteit). Vidare 2000 opp i laussal. Ein foreset at denne kampanja ikkje skal drøftast obligatorisk på avdelingsmøte.

I Raude Fane

Vi skal ha inn 1000 nye abonnentar før jul. Drivast som sist med hovedvekt på propagandaen i Klassekampen.

J. Rotasjonskampanja

Rotasjonskampanja skal avsluttast innafor denne årsplanen. Går dette bra vil maskina rulle ein gong i 1977. Det vil bli stilt mål for dei einskilde fasene i planen.

K. Sikkerheten

Det blir utarbeidd to sikringsinstrukser, ein til alle medlemmane og ein til Distriktsstyra. Medlemsinstruksen skal drøftast på obligatorisk avdelingsmøte i haust. DS-instruksen skal drøftast i DS.

L. Demokratisk sentralisme

Kjerna i vedtektsdiskusjonen er den demokratiske sentralismen. Organisatoriske tiltak vil bli vedteke ut frå oppsummeringa av OU si vedtektskampanje i sommar, direktiv kjem ved årsskiftet.

M. Økonomiarbeidet

Fortsette kampanja for å styrke kontingentinngangen, stille større økonomiske krav til medlemmane. Kontinuerlig kassererskolering - alle kasserere i partiet skal studere økonomiheftet. Sikre at Distriktsstyrene oppfyller vedtektene sin krav til kasserer i AU.

3. PARTIUTBYGGINGA

A. DS skal legge plan for å bygge lag på dei viktigaste bedriftene i sitt distrikt. Alle lokallag skal legge plan for å bygge lag på den viktigaste (dei viktigaste) bedriften på sin plass.

B. Bylag der fleire medlemmar arbeider på same bedrift skal straks organisere stadlag.

C. Industrilaga er partiet sine viktigaste grunnorganisasjonar. Dei skal styrkast politisk og organisatorisk. På alle plan i partiet skal det leggst stor vekt på metodene for å bygge opp industrilag, industrilags indre liv og massearbeid.

D. Distriktsnivået i partiet skal styrkast, ein del DS skal styrkast spesielt og ein del nye DS skal organiserast.

E. Det skal organiserast nokre nye lag på plassar der vi ikkje har grunnorganisasjon.

4. DEI EKSTERNE OPPGÅVENE

Av dei eksterne kampoppgåvene har tre områder førsteprioritet: arbeidsplassane/krisa/tariffoppgjeret, anti-imperialistisk arbeid og ungdomsarbeidet.

A. Tariffoppgjeret/krisa

vil dreie seg om kamp mot krisa, mot kriseforlik i oppgjeret og streikekamp/streikestøttearbeid. Arbeidet med tariffoppgjeret kjem i fleire faser gjennom heile planen, dei andre oppgåvene kan kome når som helst (og truleg heile tida). I tillegg kjem indeksoppgjeret hausten 75. September -TF inneheld direktiv om tariffoppgjeret.

Streikestøttekomiteane skal gjerast permanente. Spørsmålet om arbeidsløyseskomitear skal vurderast.

B. Kampen mot supermaktene

Den strategiske oppgåva er å skipe ein front mot dei to supermaktene. På årsplanen skal vi prioritere "3.verda-fronten" og bygge han opp landsomfattande. Chilekomiteen og Palestinakomiteen skal opphaldast. Det vurderast å skipe eit tidsskrift på frontbasis mot dei to supermaktene. Det skal lagast ein plan for anti-imperialistiske demonstrasjoner, mter og markeringer i perioden.

C. Ungdomsarbeidet

Partiet skal peike ut ungdomsleiarar i alle lag. Deira viktigaste oppgåve blir å rettlege ei rekrutteringskampanje i Raud Ungdom. Partiet skal opprette RU-lag på eindol viktige plasser der slike lag ikkje finst.

D. Kvinnearbeidet

Sikre gjennomføringa av Landsmøtet i Kvinnefronten politisk og organisatorisk. Sjå direktiv i julirutina. Det skal vurderast kvinne-tidsskrift for partiet, i så fall skal det vervast 1000 abonnentar til tidsskriftet.

E. Bonde/fiskararbeidet

Viktigast er organisering av partilag. Dernest å utvikle politikk og analyse av tilhøva på landsbygda, særskilt i samband med inntektsoppgjera. I tillegg AKN

F. Samene

Utgå kommunistisk propaganda på samisk. Ellers konsentrasjon om å rekruttere. Videre utvikle analyse og politikk.

G. Kampen mot dei ny-nazistiske gruppene

Prioriteringa av dette må vurderast til eikvar tid. Drivast i fagrørsla i ungdomsmiljø. Minimumstiltak for organiseringa av Anti-fascistisk Komite.

H. Mindre eksterne kampsaker

Det skal drivast eit visst arbeid på mange fleire områder enn dei som er nemde, men desse oppgåvene får ikkje på same måten tyding for heile partiet. Dette gjelde mellom anna Vennskapssambanda, NKS, Militærarbeidet, Internasjonalt arbeid, vitskapleg arbeid, målarbeid, SV, homofile, idrett, barnearbeid, boligarbeid. Kulturarbeidet vil blant desse oppgåvene bli prioritert høgst.

5. FASEPLANEN

Fase 1 fra 15/9-75 til 1/1-76

Hovedoppgave: Rekruttering/utplassering

Obligatoriske partimøter: Rekruttering/Utplassering
Vedtektene, revidert utkast
Sikkerheten

Fase 2 fra 1/1 til 1/5

Hovedoppgave: 1. mai/tariffoppgjøret

Obligatoriske partimøter: 1 mai, Tariffoppgjøret, Handlingsprogram, Prinsippprogram.

Fase 3 fra 2/5 til 1/10

Hovedoppgave: Landsmøteforberedelser

Obligatoriske partimøter: Beretning, nominering.

Fase 4 fra 1/10 til 31/12

Hovedoppgave: Rotasjonskampanja

Obligatoriske partimøter: Rotasjon, Stortingavalget 77.

6. SÆRDIRKTIV OM ARBEIDET I HØST

1) Landsstebevegelsen

Reviderte vedtekter skal drøftes i alle avdelinger før 1. desember.
Utkast kommer sammen med TF for oktober

2) Landmøtestudiene

Alle medlemmer skal studere Lenin: "Den proletariske revolusjonen og reneaten Kautsky." før jul.

3) Utplassering

Skal drøftes på obligatorisk partimøte sammen med rekruttering før 15. oktober. Materiale er innledningen på årsplankonferansen i høst og en artikkel om arbeiderklassens ledende rolle som kommer i oktober TF. DS skal ha egen ansvarlig på kampanja. Organisatorisk opplegg kommer på konferansene.

4) Rekruttering

Skal drøftes på obligatorisk avdelingsmøte, sammen med utplassering, før 15. oktober. Materiale er muntlig innledning og artikkel i TF for oktober. Obligatorisk møte i DS. Materiale på konferansen. DS skal ha egen ansvarlig for kampanja.

Rekrutteringskampanja er hovedoppgaven fram til jul og går videre til 1/4 76. Vi bruker ordinære rapportrutiner til å kontrollere målsettingene. Kampanja tar sikte på å nå ei fast bestemt målsetting når det gjelder forbedring i partiets klassesammensetning. For å nå dette målet er det utarbeidet normer for hvor mange vi skal rekruttere, og klassesammensetninga blandt de nye vi rekrutterer. Disse normene blir presentert på konferansene.

5) Abonnementsvervekampanje til KK

Kampanja går fram til 18/2 men vi tar sikte på å klare kampanja fram til jul. DS må lage et lokalt opplegg som sikrer dette. Forslag til målsetting for distriktet, ... Meld uenighet. I samme periode vil vi øke laussalget av KK med 2000. For deres distrikt, ... Dette laussalget skal holdes oppe også etter at kampanja er avslutta. I vervekampanja skal det legges vekt på arbeiderklassen og da spesielt storindustrien. DS skal sikre at alle grunnorganisasjonene driver bedriftssalg av KK. DS skal sikre at partimedlemmer som jobber i RU og NKS driver verving i disse org. DS skal minimum drøfte kampanja på AU møte.

6) 1000 nye abonnenter til RF
Kampanje fram til jul. Lokal målsetting.... Vi mener at kampanja
kan drives fram som sist gjennom propaganda i KK. I tillegg må DS
sikre spesielle tiltak på universiteta. Alle DS skal minimum drøfte
kampanja som punkt på AU møte. Vi er for gruppeabonnement på 5-10.

7) Rotasjon
Målsetting fram til jul er 150000. For distriktet deres....
DS skal drøfte kampanja som punkt på AU møte.

8) Sikkerhetsinnstruksen
Obligatorisk DS drøfting og obl avdelingsmøte før jul.

9) Tariffoppgjør/streik
DS skal sikre gjennomføringa av direktiva i september TF.

10) Rød Ungdom
Kampanja for å peke ut ungdomsledere i høst. Obligatorisk drøfting
avdelingsstyrene og DS vil bli pålagt å holde møte med ungdomslederne
Detaljert opplegg kommer i oktoberratina.

11) 3dje verden fronten
Fronten er tenkt organisert rundt studievirksomhet i høst. Brevene
foreligger allerede. Gruppene skal opprettes i høst i....

12) Oktober bokhandler
Følgende plasser skal fortas mulig opprette bokhandler, helst før
jul.....
Følgende steder skal starte forberedelser for å kunne starte
bokhandel i løpet av 76.....

13) 1.mai
1.mai fronten skal organiseres på toppen i... før jul.
Detaljer kommer seinere.

Obligatoriske DS møter i høst:
PROLETARISERINGSKAMPANJA, SPESIELLT REKRUTTERING
SIKKERHETSINNSTRUKSEN FOR DS

RU : Unntaksliste : Sandnessjøen ??

Florø ?

Sanda

Horten ?

Sandefj. ?

Larvik ?

Vestf. ???

Modum

Kongsberg ?

Prok. : Lage kalmål
" unntaksliste

Rotasjon		Rotasjon	RF	Lauvsal
Oslo	60 000	60 000	400	1000
Akershus	20 000	15 000	50	100
Vestfold	15 000	7 500	20	50
Hedem.	15 000	1500	10	30
Oppl.	2000	2000	10	30
Buskerud	4000	4000	20	40
Vestfold	2500	2500	20	30
Telem.	4000	4000	20	30
Ard	1500	1500	10	20
Rogal	6000	6000	30	50
Hordal	15 000	15 000	150	200
Sogn	2000	2000	20	30
Møre	3000	3000	20	30
Trøndel.	15 000	15 000	150	200
Nordl.	8000	8000	30	75
Troms	8000	8000	50	100
Finnm.	4000	3000	20	30

158000

53
75
30
158

Kamp. res. 989

mål. 554

mål. 1101

Ostlo	1116	1000	152
Akershus	340	210	200
Østfold	129	100	100
Hedm	78	50	50 40
Oppland	43	25	25
Bushen	94	50	75
Vestfold	75	50	50
Telem.	79	75	75
Agde	49	25	25
Rog	94	100	100
Hord	420	250	350
SST	75	50	50
MER	125	60	100
Troms	513	300	400
Nordl.	264	125	200
Trams	208	125	150
Finn	89	50	50

2500+4

3000

Total.

3799

Result.
sst

Mål.
sst

Mål.
110

OPPRETTING AV OKTOBERBOKHANDLER:

Målsetting = 5 for jul
+ 10 ut - 76

MEN DET ER IALT 24 SOM
VI VIL JOBBE MED, OG SOM VI TRUK
VIL KUNNE KLARE DET I LØPET AV
PERIODEN.

FØLGENDE LAG SKAL PÅLEGGES
Å OPPRETTE BOKHANDEL TIDLIGST MULIG,
HELST FØR JUL:

- 1) FREDRIKSTAD
- 2) LILLESTRØM
- 3) BO
- 4) KR. SAND
- 5) ODDA
- 6) VOLDA
- 7) SVOLVÆR
- 8) MOSJØEN

Sandvika

Åsnes

Gjøvik

Hønefoss

Kongsberg

Horten

Arendal

Haugesund

Molde

Kristiansund N.

Levanger

Rarvik

Harstad

Alta

Kirkenes

Hammerfest

STEDER som ~~75~~ SKAL OPPRETTE "3dje verden fronten"

Oslo

BERGEN

TRONDHEIM

TROMSØ

BODØ

MØRAN

NESNA

LEVANGER

VOLDÅ

Odda

Stavanger

Kr. SAND

BØ

SKEEN

DRAMMEN

HAMAR

FR. STAD

SARPSBORG

HALDEN

LILLESTRØM

= 20 steder som skal opprette fronten.